

Årsmelding for 2015.

Vågå Kameraklubb har i 2015 hatt 30 betalende medlemmer. Oppslutning på medlemsmøta har variert frå 12 til 4 framømøte. Medlemsmøta var på Friviljugsentralen fram til mai. Frå 1. mai var vi innkvartert i nytt klubblokale i kjellaren på Vågå Hotell. Flytteprosessen vart leia av Hans Olav Øvre, som la ned ein stor innsats i å ordne dei nye lokala, saman med dei andre i flyttegruppa.

VKK fekk i 2015 tildelt kr. 5000,- i kulturmidlar frå Vågå kommune. Sparebank1 Lom og Skjåk innvilga 10.000 til kjøp av PC/Mac.

Styret:

Styret i 2015 har bestått av:

Kari Sveen - leiar, Kjell Stålevik – nestleiar, Arjen Kuiper – kasserar, Sander Sælthun – sekretær og Svein Ole Valde (styremedlem). Kjell Bergnord – varamedlem.

Det har vore i alt 5 ordinære styremøte i arbeidsåret.

Oversikt over klubbmøte:

| Dato: | Framømøte: | Program: | Månadens bilete: |
|----------|------------|---|--|
| 11. febr | 8 medl. | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Orienteringar frå styret, etter første konstituerande styremøte 5. februar.</i> • <i>Møte- og aktivitetsplan 1. halvår 2015 - Medlemsmøte 2. onsdag i månaden - Temakveld/praktisk mellom medlemsmøta - Utefotografering, tur</i> • <i>Flytting og dugnad for istandsetting av lokale Vågå Hotell</i> • <i>Fotoprojekt - folk i Vågå</i> • <i>Aktivitetsplan 2015 - jf. vedtak på årsmøtet. Gjennomføringa.</i> • <i>Månadens bilete – «Skiglede»</i> • <i>For interesserte: Innkjøp av PC evt. MAC.</i> | <p>«Skiglede» 3 bilete innlevert</p> <p>Vinnar: Hans Olav Øvre Delt 2. plass: - Rune Hermansen - Sander Sælthun</p> |
| 11. mars | 9 medl. | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Orienteringar frå styret, møte- og aktivitetsplanen 1. halvår 2015, m.m.</i> • <i>Invitasjon til Norsk Selskap For Fotografi sitt Nasjonale Film- og Fototreff 2015</i> • <i>Ut og møte moskus?</i> • <i>Visning av foto</i> <i>Alle som vil tek med 5-10 foto på minnepenn</i> • <i>Utdeling av vandrepokal – «Årets fotograf»</i> • <i>Månadens bilete – «Ruskevær»</i> | <p>«Ruskevær» 5 bilete innlevert</p> <p>Vinnar: Kjell Stålevik nr.2: Rune Hermansen nr.3: Kjell Løkken</p> |
| 8. april | 12 medl. | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Orienteringar frå styret og flyttekomiteen</i> • <i>Visning av foto</i> <i>Alle som vil tek med 5-10 foto på minnepenn</i> • <i>«Årets bilete 2014» - juryert av Linselusa på</i> | <p>Fritt motiv 8 bilete innlevert</p> <p>Vinnar: Hans Olav Øvre</p> |

| | | | |
|--------------------------|----------|--|---|
| | | <p><i>Vinstra</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Månadens bilete – «Fritt motiv»</i> | <p>Nr. 2: Kjell Andersen Nr. 3: Kjell Løkken</p> |
| 13.mai | 11 medl. | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Nytt lokale – takk til flyttekomiteen!</i> • <i>Historisk tilbakeblikk i VKK: Kjell Andersen viser foto frå «Gamle-dågå» i Vågå og VKK.</i> • <i>Utdeling av Vågåknappen</i> • <i>Aktuelt frå styret, Vågå-dågå, NSFF-årsmøtet, m.m.</i> • <i>Visning av foto frå medlemmene</i> • <i>«Mitt Vågå»</i> <p><i>Prøv å finne fram nokre bilete av bygda, av hus, folk og dyr. Vi må finne eit eigna utval bilete som vi kan stille ut under Vågå-Dågå, der vi vil ha ei lita utstilling som opning av fotoprojektet der vi vil invitere alle vavgværarar til å fotografere sitt Vågå. Målet er ei stor utstilling på Vågå-dågå i 2016.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Månadens bilete – «Vårteikn»</i> • <i>Innlevering klubbkonkurranse: Kreativt</i> • <i>Planlegging av utemøte i juni</i> • <i>Innspel til tema for hausten</i> | <p>«Vårteikn» 5 bilete innlevert</p> <p>Vinnar: Rune Hermansen nr.2: Kari Sveen nr.3: Hans Olav Øvre</p> |
| 4.juni og 10. juni | | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Medlemsmøte/arbeidskveld torsdag 4. juni, der vi skal finne fram bilete til utstillinga på Vågå-dågå</i> • <i>Dugnad 10. juni for klargjering til utstillinga</i> | <p><i>Inga minikonkurranse</i></p> |
| 9.sep | 6 medl. | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Utefotografering (ikkje gjennomført).</i> • <i>Månadens bilete - fritt motiv.</i> • <i>Gjennomgang av haustens aktivitetar (fotohelg Høydalen, rydding av utstillinga i Ullinsvin, Mitt Vågå, møteprogram, osv.)</i> | <p>Fritt motiv <i>Ingen bilete innlevert</i></p> |
| 14.okt. | 4 medl. | <ul style="list-style-type: none"> • <i>VKK har hatt juryoppdrag for andre klubber, og vi vil vise litt av dette på møtet</i> • <i>* Mandal fotoklubb, presentasjon av juryarbeidet</i> • <i>* Tønsberg Kameraklubb</i> • <i>Oppdrag: Velja ut 12 foto frå 46 leverte bidrag til utstilling med tema Flora</i> • <i>Presentasjon av resultat frå vår vårkonkurranse "Kreativt"</i> • <i>Visning av foto frå medlemmene</i> • <i>«Mitt Vågå» - status.</i> • <i>Månadens bilde – «Linjer»</i> | <p>«Linjer» 3 bilete innlevert</p> <p>Vinnar: Svein Olav Valde nr.2: Hans Olav Øvre nr.3: Kari Sveen</p> |
| 11.nov | 10 medl. | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vi kjøpte ny Mac som erstatning for den gamle PC'en i vår. Bjørn Grønlien går gjennom og viser oss dei grunnleggande elementa</i> • <i>Julemarknad i Jutulheimen 21–22.nov. – samarbeid med Vågå Husflidslag</i> • <i>«Mitt Vågå» - status, og planar vidare.</i> • <i>Visning av foto – «Tone i tåka»</i> • <i>Månadens bilde – «Folk og røvere i Vågå»</i> • <i>Eventuelt</i> <p><i>Det har vore dårleg frammøte på medlemsmøte i haust. Møt opp og fortel kva DU saknar!</i></p> | <p>«Folk og røvere i Vågå» 7 bilete innlevert</p> <p>Vinnar: Kjell Stålevik nr.2: Kjell Løkken nr.3: Tone Bakken</p> |

| | | | |
|-------|---|---|--|
| 9.des | 7 medl. + regionkontakt Øyvind Pedersen | <ul style="list-style-type: none"> • <i>Julemarknaden i Jutulheimen, saman med Husflidslaget - Evaluering.</i> • <i>Plan for 1. halvår 2016</i> • <i>Anders B. Wilse, 150 års markering i 2016</i> <i>Anders Beer Wilse var ein norsk fotograf. Han er best kjend for arbeidet med fotografisk dokumentasjon av Noreg, men han var òg portrettfotograf. - Han var også i Vågå. Skal vi gjera noko ut av dette, i samband med «Mitt Vågå»?</i> • <i>NSFF og fotoklubbane v/ Øyvind Pedersen</i> <i>Øyvind er regionkontakt, og orienterte om NSFF og om korleis en kan arbeide i klubbene.</i> • <i>Bildevisning: "20 foto" v/Øyvind Pedersen</i> • <i>Månadens bilete – «Mørketid»</i> • <i>Facebook for VKK</i> | «Mørketid» 3 bilete innlevert Vinnar: Kjell Stålevik nr.2: Kjell Løkken nr.3: Svein Ole Valde |
|-------|---|---|--|

Årsmøte:

Årsmøte for 2015 vart avvikla 16.01.2015 på Vågå Hotell.

Morten Krogvold var innom og hadde eit kort inspirasjonsforedrag for oss under middagen

Eige referat frå årsmøtet er i protokollen.

Norsk Selskap for Fotografi (NSFF).

Klubben er tilslutta NSFF. Kari Sveen representerte VKK på NSFF sitt landsmøte på Bud i mai.

Komitear:

Vågå Kameraklubb har desse komiteane: Valkomite, Utstillingskomite, Kalenderkomite, Knipsredaksjon og Facebook, Fotoalbum og avisutklipp, Barn og ungdom, Konkurrans- og jurykomite, Datarom/Mørkerom/Materiell, Framkallingsmaskin og Fototreff-komite.

Andre aktivitetar:

Kameraklubben hadde t.o.m. skuleåret 2014/15 samarbeid med Kulturskulen, med fototilbod for barn og unge. Det vart undervist 2 kveldar i månaden gjennom heile skuleåret. Instruktørar var Kjell S. Stålevik og Tone Bakken. Frå hausten 2015 vart tilbodet avslutta

Aktivitetsplan 2015 – oppfølging:

| Aktivitet, vedtak årsmøtet 16.01.2015: | Oppfølging: |
|---|--|
| * <i>Medlemsmøter, fortrinnsvis andre (2.) onsdag i måneden på Frivillighetsentralen / Vågå Hotel (fotografering, konkurranser, bildevurdering, bildevisning, teknikk, fotostafetter m.m.).</i> | Det har vore 9 medlemsmøte. Det er pause i juli/august, og i januar, når det er årsmøte. |
| * <i>Aktivitetar mellom de ordinære medlemsmøtene (temakvelder, kurs, fotografering, bildebehandling osv.).</i> | Temakveld torsdag 29/10 – Portrettfotografering. Ansvarleg: Svein Ole |
| * <i>Fototur(-er) i nærområdet.</i> | |
| * <i>Arrangere klubbkonkurranser vår og høst.</i> | Det har vore avvikla 2 klubbkonkurranser i 2015. I tillegg er det avvikla 7 «Månadens Bilete»-konkurransar på medlemsmøta. Årets bilete 2015 vil bli kåra i etterkant av årsmøtet, av |

| | |
|--|--|
| | ekstern jury. |
| <i>* Deltaking i konkurranser utafor klubben/nasjonale konkurranser/NSFFs "Norgesmesterskap i fotografi".</i> | Maja Stålevik: antatt biletet <i>Reinsdyr med reinskalv</i> i ungdomsklassen i internasjonal konkurranse: 37. FIAP Youth Digital Biennial Medlemmer med dobbelt medlemskap, som er tilslutta NSFF via annan klubb: Rune Hermansen (Linselusa): Antatt i alt 6 bilete i Norgesmesterskap vår og haust 2015. Harm Kroon (Trondheim): Antatt i alt 6 bilete i Norgesmesterskap vår og haust 2015. Harm hadde også 6 bilete antatt i internasjonale konkurransar |
| <i>* Ta på oss juryoppdrag for andre fotoklubber.</i> | Klubben har hatt 3 juryoppdrag i 2015; for Mandal Fotoklubb, Tønsberg Kameraklubb og Moss Fotoklubb |
| <i>* Arrangere kurs/workshops for klubbens medlemmer og andre.</i> | Fotokurs under Vågå-Dågå. Tema: Komposisjon og teknikk (blender og lukker) Instruktørar Tone Bakken og Svein Ole Valde |
| <i>* Utgi Vågå-kalenderen 2016.</i> | Kalenderkomiteen har også i år gjort eit flott arbeid med innsamling av historiske bilete, teksting og produksjon av Vågåkalenderen for 2016. Kalenderen har i år tema Eidefoss, i samband med deira 100-årsjubileum. Eidefoss tok i samband med dette også trykkeutgiftene for oss. |
| <i>* Utstillinger av medlemmenes bilder</i> | Kameraklubben har stilt ut Månadens bilete på Vågå Handelsforening. Elles stilte kameraklubben ut øvrige bilete frå «Månadens bilete» på Frivilligsentralen til ut april, og Kjell Løkken har etter dette vidareført ei ordning med bilete der. I tillegg har vi hatt utstilling og salgsutstilling i låven på Ullinsvin under Vågå-Dågå og på førjulsmarknaden. |
| <i>* Opprettholde en spennende og dynamisk profil på facebook, samt etablere egen hjemmeside. Link til/fra NSFF sin hjemmeside</i> | Her har vi att ein del jobb. Vi har omredigert Facebook-sidene våre i desember, og vil jobbe meir med dette i 2016 |
| <i>* Utgi 2 nummer av medlemsbladet KNIPS; vår og høst.</i> | Medlemsbladet "Knips" kom ut med eit sommarnummer i juni. |
| <i>* Prøve å få inn månedens bilder i Fjuken eller Norddalen.</i> | Dette må prøvast på nytt i 2016. |
| <i>* Delta i aktiviteter i regi av Norsk Selskap for Fotografi. Levere bilder til NSFF sin årbok</i> | 3 medlemmer har levert inn i alt 6 forslag til årboka innan fristen 31.12.15 |
| <i>* Minst 1 representant fra styret skal representere klubben på NSFFs landsmøte.</i> | Kari Sveen representerte VKK på NSFF sitt landsmøte på Bud i mai. |
| <i>* Ha felles møter med naboklubber.</i> | Vi har i 2015 hatt 1 organisert tur i eigen regi, der vi var på septembertur på Høydalssetra i Lom saman med medlemmer frå Linselusa på Vinstra og Knipsarlaget i Lom. Det var 4 frå VKK, 5 frå Linselusa og 1 frå Knipsarlaget. |

| | |
|---|--|
| | 3 medlemmer deltok på Linselusa sin tur til Runde i juni. |
| <i>* Delta på aktuelle arrangement i bygda</i> | Vågå-Dågå, med fotokurs og utstilling Førjulsmarknad, med julekortfotografering og utstilling |
| <i>* Vurdere et samarbeid med Fjellfilmfestivalen på Gjende</i> | Kjell Stålevik hadde 2 kurs med ca 10 deltakarar kvar kveld under årets Fjellfilmfestival på Gjende. |

Vågå, 4. januar.2016

Styret